

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 02.03.2021

**Sigbjørn Framnes (FrP)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ

Fylkestinget vedtek fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane i Vestland med tilleggspunktet om definisjon av politisk arbeid i punkt 6 (4).»

### **Avrøysting**

Framnes sitt forslag fekk 4 røyster (FrP, U, FNB) og fall.  
Innstillinga fekk 13 røyster (SP, A, SV, MDG, H, KRF, V) og vart vedteke mot 4 røyster (FNB, U, FrP).

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget vedtek fråværsreglementet for dei vidaregåande skulane i Vestland med Følgjande definisjon av politisk arbeid:  
Politisk arbeid definerast som deltaking på aktivitet i regi av eit politisk parti, ungdomsparti, politisk organisasjon eller interesseorganisasjon, anten som deltakar eller som arrangør. Eleven må leggje fram dokumentasjon frå partiet eller organisasjonen.